



Referat frå Kviteseid sokneråd

Tid: Måndag 26. januar 2026 kl. 17.00 – 20.00

Stad: Kommunehuset, Brunkebergsalen

Desse møtte: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund, Anne Oddny Foldøy, Sigrun Lønning Solvang (sokneprest), Tarjei Draugedal (ordfører og kommunerepresentant), Jon Svartdal (kyrkjeverje), og 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdsli

Kopi vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Opningsord v/ Sigrun Lønning Solvang

Servering Kaker v/Jon

Oversikt over saker:

Sr-sak 01.26 Innkalling og sakliste

Sr-sak 02.26 Godkjenning av referat frå møtet 15.12.2025

Sr-sak 03.26 Rekruttering av fleire klokkarar og kyrkjevertar

Sr-sak 04.26 Etablering av kyrkjelydsutval i Brunkeberg

Sr-sak 05.26 Styring av projektor i Kviteseid kyrkje

Sr-sak 06.26 Orientering om visitasen

Sr-sak 07.26 Fasteaksjonen 22. mars

Sr-sak 08.26 Søknad om fritak for husleige ved konsert

Sr-sak 09.26 Utlysing av stilling som kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog

Marit Sørby

Soknerådsleiar

Sr-sak 01.26 Innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste blei sendt ut på e-post 23.01.2026.

VEDTAK:

Innkallinga og saklista blir godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 02.26 Godkjenning av referat frå møtet 15.12.2025

Referatet er tidlegare sendt ut, det har ikkje kome tilbakemeldingar.

VEDTAK:

Referat frå møtet 15.12.2025 blir godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 03.26 Rekruttering av fleire klokkarar og kyrkjevertar

Det er behov for fleire klokkarar og kyrkjevertar som kan enten vera meir eller mindre fast i ei kyrkje, eller gjera teneste i fleire kyrkjer. Tilkallingsvikarar kan også vera aktuelt.

VEDTAK:

Sigrun prest spør nokre om å vera klokkarar.

Sr-sak 04.26 Etablering av kyrkjelydsutval i Brunkeberg

For å sikre tenester som kyrkjekaffi og anna kan det vera behov for å etablere eit kyrkjelydsutval i Brunkeberg. Slik vil det også kunna bli ei god fordeling av oppgåver som kan dukke opp.

VEDTAK:

Geir Helge Susort og Knut Gjersund får ansvar for kyrkjekaffi, blommar på altaret og velkomst.

Sr-sak 05.26 Styring av projektor i Kviteseid kyrkje

Det har vore vanskeleg å ha kontinuitet for styringa av projektor i Kviteseid kyrkje. Ingen av dei tilsette føler seg i stand til å ha ansvaret for dette. Administrasjonen finn ikkje noko løysing på dette problemet, og bed Soknerådet om drøfte saka.

VEDTAK:

Kyrkjetenarane blir spurte om dei kan styre projektor dersom dei får opplæring. Sigrun prest jobbar vidare med å finne nokon andre.

Sr-sak 06.26 Orientering om visitasen

Førebuinga av visitasen har gått sin gang, og vi får ei orientering om framdrifta.

VEDTAK:

Kulturutvalet arrangerer kulturkveld under visitasen. Jan Haugen organiserer mot betaling for ekstra timar.

Sr-sak 07.26 Fasteaksjonen 22. mars

Fasteaksjonen i år er søndag 22. mars. Hovudansvaret for den ligg til Soknerådet, og det må planleggast korleis den skal organiserast med arbeidsfordeling og delegert ansvar.

VEDTAK:

Ida E. N. Sigurdslid og kyrkjevevja har sekretariat i Kyrkjestogo. Knut Gjersund og Geir Helge Susort organiserer rodane i Brunkeberg, Astrid Breivik og Marit Sørby i Vrådal, Trond Fjågesund i Fjågesund, og Ida E. N. Sigurdslid og Anne Oddny Foldøy i Kviteseid. Ingen går med bøsse i Kilen. Sigrun prest spør om Diakoniutvalet kan stille med rundstykke og brus til bøsseberarane.

Sr-sak 08.26 Søknad om fritak for husleige ved konsert

Kviteseid Hornmusikk arrangerte 23. november konsert i Kviteseid kyrkje med Kim Rysstad. Etter avtala og reglementet for utleige skulle dei sidan dei høyrer til i Kviteseid ikkje betala grunnleige, men berre 10% av brutto billettinntekter. Kviteseid Hornmusikk hadde kr. 56 000 i billettinntekter og kr. 96 000 i utgifter til arrangementet. Kviteseid Hornmusikk søker derfor om å få fritak frå å betale kr. 5 600 i husleige.

Kyrkjevevja si vurdering: Sidan underskotet blei så stort som kr 40 000 for Kviteseid Hornmusikk, som er ein ideell organisasjon, synes det vanskeleg å fakturere dei kr 5 600 i husleige. Å fakturere denne husleiga i denne situasjonen overfor denne leigetakaren kan etter kyrkjevevja sitt syn gå ut over omdømmet til Kviteseid sokn. Dersom underskotet hadde vore mindre og betalingsevna til arrangøren hadde vore god hadde situasjonen vore annleis. Dersom arrangøren hadde vore kommersiell hadde også situasjonen vore annleis.

VEDTAK:

Kviteseid sokn gjev Kviteseid Hornmusikk fritak frå kravet om husleige i høve konserten 23. november i Kviteseid kyrkje. Dette er eit eingongsvedtak i anledning jubileet til korpset. Dei blir oppmoda om å ha betre kalkyle til seinare arrangement. Vedteke med 9 mot 2 stemmer.

Sr-sak 09.26 Utlysing av stilling som kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog

Det har lenge vore eit stort behov for å ha nokon til å drive med trusopplæring og noko kontorarbeid. Vi har ikkje tilgang på førebels rekneskap for 2025. Men etter å ha spurt økonomiavdelinga og sjekka bankkontoane og bundne midlar så ser det ut som vi har om lag kr. 400 000 på bok til å finansiere ei stilling som kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog med. I 2025 fekk vi eit årleg tilskot på kr. 174 000 til trusopplæring frå Bispedømmet, så det kan vi truleg rekne med å få vidare også. I tillegg har vi gjennom året nokre ofringar til trusopplæring og basar. Det har blitt tenkt å lyse ut ei slik stilling i 30-50 %. Etter kyrkjevevja si meining hadde 40% stilling passa etter økonomiske og arbeidsmessige vurderingar, fordi eventuell høg kompetanse og lang ansiennitet gjev høg løn. Men det er eit spørsmål om eventuelle søkarar synes dette blir for lita stilling. Det er utarbeidd eit forslag til stillingsannonse som ligg ved.

VEDTAK:

Kviteseid sokn lyser ut ei stilling som kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog i storleik 40%. Nærare om stillinga fylgjer i vedlegget med stillingsannonsa. Tilsetjingsutvalet består av leiar i KUL, soknerådsleiar, sokneprest og kyrkjevevje.

Referent: Jon Svartdal, kyrkjevevje vikar

Kviteseid sokn har ledig 40 % fast stilling som kyrkjelydsarbeidar / kyrkjelydspedagog.

Arbeidsoppgåver

- Planleggja og utføra kyrkjeleg undervisning etter kyrkjelyden sin undervisningsplan.
- Motivere, inspirere og rekruttere frivillige medarbeidarar.
- Delta i gudstenester knytt til kyrkjeleg undervisning.
- Samarbeid med stab om å byggja kyrkjelyd.
- Bidra til annonsering, statistisk rapportering og førefallande kontorarbeid.

Kvalifikasjonar

- Bør ha pedagogisk utdanning og/eller annan relevant erfaring eller utdanning, gjerne frå tilsvarende arbeid i kyrkje eller kristen organisasjon.
- Bør ha erfaring fra arbeid med barn og ungdom.
- Gode kommunikasjonsevner i møte med barn, unge og foreldre.
- Kunnskap til norsk kyrkje- og kristenliv.
- Må kunne arbeide med enkle dataprogram / digitale plattformer.
- Søkjar må beherske norsk språk skriftleg og munnleg.

Personlege egeinskapar

- Ynskjer å legge til rette for og vere med på formidling av Bibelen sin gode budskap til ei levande tru.
- Vera strukturert, initiativrik, kreativ og ha gjennomføringsevner.
- Må kunne jobbe sjølvstendig og i team, både med stab og frivillige.
- Det vil bli vektlagt at sjøkaren er personleg eigna i denne jobben.

Andre opplysningar

- Søkjar må være medlem i Den norske kyrkja og vera lojal mot DNK si lære.
- Politiattest må framleggas.
- Arbeid på kveldstid og i helger må reknast med.
- Den som blir tilsett må ha førarkort og kunne disponere bil.
- Oppstart så snart som råd

Vi tilbyr

- Løns- og arbeidsvilkår etter KA si tariffavtale.
- Pensjonsordning i KLP.
- Meiningsfylte, varierte og spennande arbeidsoppgåver.

Søknad med CV sendast til post@kyrkjetrappa.no innan 15.02.2026.

For spørsmål ring sokneprest Sigrun Lønning Solvang tlf. 924 18 778 eller leiar i KUL utvalet Astrid Breivik, tlf. 922 99 314.